



Nasjonalt nivå: Maaike Visser skal tilpasse lydfargemetoden til for innvandrere som skal lære norsk. Trond Ask-Henriksen i Hallingdal Etablerersenter er ein god støtteperson.

Gjennombrøt for lydfargemetoden

■ Departementet støttar ■ Opplæring av innvandrere

Den såkalla lydfargemetoden, utvikla av Maaike Visser frå Gol, vekker nasjonal interesse.

Line Sandvik
ls@hallingdolen.no

Læremetoden som først og fremst er mynta på dyslektikarar, blir no også tilpassa for innvandrere.

Maaike Visser er gjennom si eiga bedrift Fargerik Norsk tildelt 350.000 kroner frå Kunnskapsdepartementet. Det er Vox – nasjonalt senter for læring i arbeidslivet – som ynskjer å bruke lydfargemetoden på innvandrere, slik at det blir enklare for desse å få innpass i samfunns- og arbeidsliv.

Søkte midlar

Vox lyste tidlegare i år ut midlar til utvikling og produksjon av læremiddel for «Læreplan i norsk og samfunnskunnskap

for vaksne innvandrere». Totalt hadde senteret 1,4 millionar kroner å dele ut. Målet var å kome i hamn med ein eller fleire aktuelle metodar.

Visser, som har erfaring frå vaksneopplæringa i Gol, hadde lenge meint at ho hadde eit verktøy som kunne høve. Ho utvikla i si tid lydfargemetoden for å hjelpe sonen sin Bjarne som er dyslektikar. Men Visser såg også fordelar med metoden når det gjeld norskopplæring.

– Eg søkte kanskje mest for at Vox skulle få høyre om meg og lydfargemetoden. Eg trudde egentleg ikkje at eg skulle få midlar, fortel ei veldig glad Maaike Visser.

Tidleg i desember fekk ho vite at Vox hadde tildelt 350.000 kroner til prosjektet hennar, «Utvikling og tilpassing av Lydfargemetoden til norsk for innvandrere».

– 12 søkjarar søkte om til saman over 10 millionar kroner, opplyser Trond Ask-Henriksen i Hallingdal Etablerersenter.

Berre tre søkjarar vart plukka ut. Det må seiest å vere både

ei tillitsklæring og ei stadfesting på at Vox har tru på lydfargemetoden. Dei har vald ut «prosjekt som har høg fagleg kvalitet», heiter det i tildelingsbrevet.

– Me kjem til å etablere ei prosjektgruppe her i Hallingdal, seier Visser.

Nasjonalt nivå

I 2010 skal altså Fargerik Norsk tilpasse lydfargemetoden for vaksne innvandrere. Det vil då og kome tilbod om kursing av pedagogar som arbeider med målgruppa.

Visser skal også tilrettelegge materiell for undervisning i grupper. Til no har undervisninga skjedd meir individuelt.

– Eg er og i ferd med å få utarbeidd eit lisensbasert dataprogram, fortel ho.

Kraftig steg

– Lydfargemetoden har teke eit sjumiltssteg vidare. Frå lokalt til nasjonalt nivå, påpeiker Ask-Henriksen.

Han meiner støttespelarane tidleg har sett potensialet. Vis-

ser har to gonger fått stipend frå Innovasjon Norge. Ho er også registrert som ei såkalla inkubator-bedrift hjå Driv Inkubator som er eigd av Høgskolen i Buskerud, Papirbredden Innovasjon AS og Teknologisk Institutt. Visser vart også «Årets gründer» i Hallingdal i 2008.

– Hadde ikkje Hallingdal Etablerersenter sett potensialet i lydfargemetoden, hadde eg ikkje vore der eg er i dag, påpeiker Visser.

– Dette er utruleg flott. Lydfargemetoden starta opp lokalt med lokale elevar. Så vart det kontakt med Dysleksiforbundet, og i lag med dette vart Foreldreskolen i Nedre Buskerud etablert. No går det berre vidare med språkopplæring for innvandrere og generell opplæring, seier Trond Ask-Henriksen.

– Eg er veldig glad for den utviklinga og faglege anerkjeninga lydfargemetoden har fått, seier Visser.

No må ho truleg tilsetje folk for å rekke over alt.

– Du kan si me har fått «voksenmerter», smiler ho.

fakta

Lydfargemetoden

- Hjelpemiddel i lese- og skriveopplæringa for barn og vaksne med dysleksi.
- Eleven lærer å lese gjennom eit system med fargekoder. Orda blir bygde opp ved hjelp av klossar som symboliserer lyd.
- Metoden utnyttar dei sterke sidene hjå dyslektikarar, gode visuelle, analytiske, og romlege ferdigheiter.
- Etterskotet i lesing og staving blir vanlegvis innhenta i løpet av eitt til to år.
- Les meir på www.lydfarge.no

Kan også brukast i vanleg opplæring

Maaike Visser fortel at lydfargemetoden og kan brukast i generell lese- og skriveopplæring.

Det skal Spikkestad barneskole teste ut. Skulen har sendt to lærarar og ein rektor på Foreldreskolen.

– No har rektor der meldt på seks lærarar til neste kurs, opplyser Visser.

Spikkestad barneskole satsar for fullt på eit utviklingsprosjekt for inkluderande læringsmiljø, der lydfargemetoden er tungt inne. Målet er eit betre læringsmiljø for alle elevane.